




LOTTERITILSYNET



Årsmelding 2003

Visjon

«Lotteritilsynet skal fremje
ei sunn utvikling i spel-
og lotterimarknaden, og
medverke til ei forsvarleg
fordeling til det frivillige
og humanitære Noreg»

Innhold

Det store kontrollåret	4
Rekneskap i balanse	6
Fakta om Lotteritilsynet	9
Sterk auke i pengespel	10
Internettspel for milliardar	14
Satsing på effektive nettsider	16
Tre møte med marknaden	17
Nye oppgaver for juristane	18
Kontrollarbeidet blir utvida	20
Seksjon Hamar på egne bein	22
Mange har problem	24
Ungdomsundersøkinga	25
Stort behov for råd og hjelp	26
Aktiv rolle internasjonalt	28
Lotteritilsynet fekk språkpris	29

Det store kontrollåret

Fleire sentrale kontroll-oppgåver kom i hamn i 2003. For det første vart endringane ved Seksjon Hamar fullførde i november, då Lotteritilsynet sine tilsette fullt ut overtok ansvaret for å kontrollere Norsk Tipping sine pengespel. Frå årsskiftet vart dessutan kontrollen av Norsk Rikstoto overført til Førde der det no er fortløpande revisjonskontroll av alle totalspelspel.

Endringane i kontrolloppgåvene hjå dei to store statlege pengespelaktørane har vore krevjande, men vi kjenner oss sikre på at vi har valt rett strategi. Å sikre spelaren sine interesser er eit overordna mål, og vår kontroll skal sikre at det ikkje kan stillast spørsmål ved gjennomføring av dei statlege spela. Vidare er det heller ikkje tvil om at vi har valt kontrollmodellar som er kostnadseffektive, og som også gir ein produktivitetsauke.

Men for å få til eit vellukka resultat var det heilt nødvendig at vi kunne overføre den kunnskap og kompetanse som dei offentleg oppnemnde notarane sat med. Det har vi klart, og Lotteritilsynet er takknemleg for den positive innstillinga vi i denne prosessen vart møtt med hjå notarane på Hamar og i Oslo forutan i Norsk Tipping og Landbruksdepartementet.

Lotteritilsynets kontrollseksjon har også bak seg det første fulle kontrollåret med automatar og hestesport ute i felten. Resultatet vart at vi måtte slå ned på over 1400 brot på lover og forskrifter, og dette ligg over det vi hadde venta. Sjølv om aktørane gjennomgåande viser

god vilje til å rette på feil som blir påviste, er det ingen grunn til å slakke på kontrollen. Tvert om – Lotteritilsynet kjem til å skjerpe kontrollen med automatmarknaden utover i 2004 og neste år. Bakgrunnen er naturlegvis dei endringane Stortinget har vedteke, og som gjer at mesteparten av dagens autopark skal vere ute av marknaden 1. januar 2005.

Lotteritilsynets arbeid med negative sider ved pengespel tek til å gi resultat. I 2003 kunne vi publisere to forskingsrapportar som gav oss ny og viktig innsikt i kva som er konsekvensane av den spelemarknaden vi har hatt her i landet. Rapportane stadfesta at pengespel medfører problem for mange nordmenn, og det er grunn til å merke seg ved funn som viser at særleg unge menneske ser ut til å få problem av ymse slag på grunn av si speleåtfærd.

Det er viktig å sjå til at den nye kunnskapen ikkje støvar ned. For Lotteritilsynets del er det ei prioritert oppgåve å følgje opp forskinga slik at vi kan ha oversikt over utviklinga av problematisk speleåtfærd i befolkninga. Dessutan er det viktig at styresmaktene legg den nye kunnskapen til grunn ved

vurderinga av speletilbod på den framtidige pengespelmarknaden her i landet.

Juridisk avdeling har hatt eit travelt år som følgje av mellom anna stor pågang frå personar som ønskjer informasjon om - og vurdering av - pyramidar og pyramideliknande konsept som har gått som eld i turt gras siste året. Framleis slit vi med uklåre grenser mellom ulovlege pyramidar og lovleg nettværkssal i vårt arbeid med denne delen av marknaden.

Dessutan påfører ulovlege lotteri, særleg i medium som radio, TV, aviser og vekeblad, juridisk avdeling mykje arbeid. Ofte er dette konkurransar som tippar over i lotteri som forsyner seg av ein marknad som mange openbert ser på som attraktiv. Dei fleste som får pålegg om å stoppe, tek dette til etterretning, men det hindrar likevel ikkje at nye konsept dukkar opp.

Kultur- og kyrkjedepartementet delegerte i 2003 den løpande kontrollen med lov om pengespel til Lotteritilsynet. Bakgrunnen er at utanlandske speloperatørar stadig prøver å komme seg bakvegen inn i den norske pengespelmarknaden. Så langt har desse illegale aktø-



rane ikkje fått noko avgjerande fotfeste. Men basert på røynslene frå grannelanda, særleg Sverige, er det grunn til å vente at åtaka på den nasjonale pengespelpolitikken vil auke. For å understreke at styresmaktene tek dette alvorleg, politimelde Lotteritilsynet hausten 2003 to aviser som tok inn annonser for eit utanlandsk selskap som tilbyr pengespel i konkurranse med Norsk Tipping sine pengespel.

I løpet av 2003 vart kvardagen for lotteriverdige organisasjonar gjort lettare. Det

skjedde ved at Lotteritilsynet, med verknad frå 2002 til 2005, gav generell dispensasjon frå kravet om rekneskapsplikt etter rekneskapslova og revisjonsplikt etter lov om revisjon og revisorar. Likevel må det understrekast at det skal førast rekneskap som gjer det mogleg å føre kontroll med kvar inntektene frå lotterimarknaden tek vegen i organisasjonane.

Lotteritilsynet ønskjer å ha ei opa dør mot aktørane i pengespelmarknaden, og har som mål å ha ein årleg konferanse der vi set aktuelle saker

på dagsorden. I år var turen komen til bingofolket, der mellom anna livet etter Ot. Prop 44 stod sentralt så langt styresmaktene på det tidspunkt kunne oppsummere stoda. Seinhaustes 2003 inviterte vi også «det frivillige Noreg» til ein konferanse om aktuelle tema. Mange sentrale føredrag gjorde at vi har fått gode tilbakemeldingar. Vi blir oppmoda om å ta fleire slike initiativ for å skaffe det frivillige Noreg ein fastare møteplattform der aktuelle tema kan belyst og diskutert.

Atle Hamar
Direktør



Rekneskap i balanse

Dei to første åra etter etableringa i 2001 var ein oppbyggingsperiode med aukande utgifter etter kvart som tilsette, utstyr og driftsfunksjonar kom på plass. Ved budsjetteringa for 2003 kunne vi leggje til grunn talmateriale frå dei to første driftsåra, og budsjetteringa vart sikrare. Det har likevel vore nødvendig å ha ein viss buffer på mellom anna lønnsbudsjettet og på posten for reiser.






Berit Hovland er avdelingsdirektør ved administrativ avdeling i Lotteritilsynet.

Driftsbudsjettet for 2003 var på 57,5 millionar kroner. Samla forbruk enda på 56,5 millionar kroner. På løn og godtgjersler vart det eit mindreforbruk på 0,4 millionar kroner, medan det på varer og tenester var 0,6 millionar kroner i mindreforbruk. Løn og godtgjersle utgjør 38 prosent av forbruket.

Lønsutbetalingane var meir stabile enn i dei to føregåande åra fordi dei fleste stillingane var på plass og fekk heilårseffekt. Ordninga med notarar som kontrollerer spela til Norsk Tipping og Norsk Rikstoto vart avvikla i 2003, og dette vart såleis det siste året med utbetalingar av godtgjersle til dette formålet.

Det har i oppstartfasen for Lotteritilsynet blitt investert ein del i it-utstyr og systemløyseringar. Investeringsane heldt fram i året som gjekk. Mellom anna har kontrollsystema for spela til Norsk Tipping og Norsk Rikstoto vore gjennom ei oppgradering. Internett- og intranettløyseringar for Lotteritilsynet vart også utvikla vidare for å kunne tilby betre tenester til brukarane våre.

Prosjektet for kartlegging av speleavhengigheit i Noreg



vart ferdigstilt og sluttbetaling på vel 0,5 millionar kroner vart betalt i 2003. To forskingsrapportar vart publisert.

Prøveprosjektet med hjel-

pelinje for speleavhengige vart starta opp på vårparten i samarbeid mellom Lotteritilsynet og Sjukehuset Innlandet HF Sanderud. I prøveperioden har hjelpelinja ei





økonomisk ramme på 2,2 millionar kroner fordelt på 2003 og 2004.

Lotteritilsynet refunderer over sitt budsjett den kostnaden Sjukehuset Innlandet HF Sanderud har med å drifte hjelpelinja. Prosjektet vert finansiert av Lotteritilsynet, Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.

Lotteritilsynet har kjøpt omfattande tenester frå Brønnøysundregistra, Statens innkrevjingsentral og Justervesenet i 2003.

Samarbeidsavtalane er knytte til høvesvis drift av Lotteriregisteret, innkrevjing av gebyr og kontroll av speleautomatar.

Samla forbruk på reiser var på 3,8 millionar kroner, 140 000 kroner meir enn året før. Den utøvande kontrollen stod for om lag 39 prosent av reiseutgiftene.

Lotteritilsynet er fullt ut inntektsfinansiert. Det vart budsjettert med 62,2 millionar kroner i gebyrinntekter i 2003. Det vart kravd inn 6,3 millionar kroner meir enn dette. Inntektene i 2003 gjeld gebyr for oppstilling av speleautomatar, godkjenning av lotteriverdige formål, autorisasjon av entreprenørar og lokalinnehavarar og typegodkjenning av speleautomatar. I tillegg betalar Norsk Tipping og Norsk rikstoto årsgebyr på til saman 9,6 millionar kroner.

Det er sakshandsaminga i politiet som genererer gebyra for autorisasjon av lokalinnehavar og for oppstilling av automat. I 2003 summerte desse gebyrinntektene seg til vel 66 millionar kroner. Dette utgjorde heile 85 prosent av dei totale gebyr- og refusjonsinntektene til Lotteritilsynet.

Utgifter Lotteritilsynet

Kap. 0305, Post 01 Driftsutgifter

Løyving	kr	57 452 000
Rekneskap	kr	56 495 000
Mindreutgift	kr	957 000

Inntekter frå spel og lotteri

Kap. 3305, Post 02 Gebyr

Løyving	kr	62 200 000
Rekneskap	kr	68 473 000
Meirinntekt	kr	6 273 000

Kap. 3305, Post 03 Refusjonar


Løyving	kr	9 565 000
Rekneskap	kr	9 705 000
Meirinntekt	kr	140 000

Årsverk

Per 31.12.2003 hadde Lotteritilsynet 46 fast tilsette og 2 i engasjement, 2 i vikariat. Tabellen under syner arbeidsstyrken i 2003 omrekna i årsverk.

	Kvinner	Menn	Sum
Direktør, Stab og Administrativ avd.	10,2	4,8	15,0
Juridisk avdeling	3,3	4,6	7,9
Teknisk avdeling	8,0	15,2	23,2
Sum	21,5	24,6	46,1
Prosentvis fordeling	46,6	53,4	100

Fakta om Lotteritilsynet



Blant avdelingane i Lotteritilsynet er teknisk avdeling størst med 24 faste stillingar, som utgjør 52 prosent av dei faste. Kontrollseksjonen i Førde og Seksjon Hamar er ein del av den tekniske avdelinga. Kjønnfordelinga ved teknisk avdeling er 63 prosent menn og 37 prosent kvinner.

Administrativ avdeling, direktør og stab har til saman 28 prosent av stillingane. Her er 62 prosent kvinner og 38 prosent menn.

Juridisk avdeling har 19 prosent av stillingane. Juridisk avdeling har best jamvekt mellom kvinner (44 prosent) og menn (56 prosent).

I mellombelse stillingar var det ved årsskiftet to engasjement, to vikariat og ein lærling. To medarbeidarar, som tidlegare var tilsette i engasjementstillingar, vart fast tilsette ved juridisk avdeling i 2003.

Gjennomsnittsalderen for fast tilsette i Lotteritilsynet var 38,9 år ved utgangen av 2003. Den yngste var 23 år og den eldste 55 år. Juridisk avdeling har dei yngste medarbeidarane både når det gjeld kvinner og menn. Elles er snittalderen noko lågare for menn enn for kvinner i alle avdelingane.

Det er fleire mannlege enn kvinnelege leiarar, 5 mot 3. For rådgjevarstillingane

er det også ei skeivfordeling, der 8 av 10 er menn. For sakshandsamarstillingane og kontorstillingane er det ei overvekt av kvinner.

Lotteritilsynet inngjekk avtale om inkluderande arbeidsliv i juli 2003.

Sjukefråværet var 3,9 prosent i året som gjekk. Det vart nytta eigenmeldingar i 61 tilfelle, og dette utgjorde 0,8 prosent av sjukefråværet.

80 prosent av dei tilsette var organiserte ved utgangen av året.

Sterk omsetningsauke på pengespel

Omsetninga i norske pengespel og lotteri viser også i 2003 ein kraftig auke. Førebelse tal frå Lotteritilsynet tyder på at det i fjor vart omsett for brutto om lag 36,7 milliardar kroner, medan talet for 2002 var 30,1 milliardar¹.

Omsetninga på norske pengespel og lotteri i 2003 utgjør 8 000 kroner per innbyggjar her i landet. Når gevinstane er trekte frå, la nordmenn i fjor igjen 10,7 milliardar på pengespel.

Dette nettotalet utgjør 2 300 kroner per innbyggjar.

Innsats på utanlandske internettspel kjem i tillegg. Lotteritilsynet estimerer at nordmenn spelte for 1,4 milli-

ardar på utanlandske nettstader i 2003.

Lotteritilsynet har enno ikkje kartlagt kor mykje av spel- og lotteriiinntektene som gjekk til føremåla.

Spel- og lotterimarknaden 2003

	Millionar NOK		Millions EURO ²	
	Brutto oms.	Netto oms.	Gross turnover	Expenditure
Norsk Tipping (eigne spel)	8 921	4 140	1 115	517
Rikstoto	2 414	810	302	101
Talspelet Extra	822	411	103	51
Automatar *	22 100	4 400	2 760	550
tivoli.no / SMS.jackpot ³	13	3	2	0,4
Lotteri (eksklusiv Flax) *	500	400	60	50
Bingo *	1 900	500	240	60
Totalt	36 700	10 700	4 580	1 330
Per innbyggjar ⁴ (avrunda)	8 000	2 300	1 000	300
<small>Per capita</small>				

**) Estimert omsetning i NOK er runda av til næraste 100 million, og i EURO til næraste 10 million.*

Tabellen viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er samla innsatsbeløp⁵. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinst er utbetalt. Nettoen blir fordelt mellom føremålet, entreprenør/operatør og lokalinnhavar.

1) Årsstatistikken for 2002.

2) Noregs Bank, Årsgjennomsnitt av midtkurser 2003: 8,0039

3) Omsetninga til tivoli.no er 11,8 mill brutto og 2,4 mill netto. For SMS.jackpot hhv. 1,1 mill og 0,6 mill.

4) SSB, per 1. juli 2003: 4 565 107


5) For automatar innbetalt innsatsbeløp, ikkje medrekna verdi av gjenspel.



Rådgjevar Jonny Engebø er ansvarleg for statistikken i Lotteritilsynet.



Spel og lotteri – prosentvis del av omsetninga år 2003



Frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har vi fullstendige tal. Norsk Tipping si brutto omsetning er for eigne spel om lag uendra (- 0,2 prosent) og 8,9 milliardar kroner både i 2002 og i 2003. Norsk Rikstoto hadde ein reduksjon på 2,6 prosent, og fekk ei omsetning på vel 2,4 milliardar.

Vi har også endelege tal for Extra, tivoli.no og SMS.jackpot.

Talspelet Extra auka si brutto omsetning med 3,6 % i 2003 og enda på 822 millionar.

Internettspellet tivoli.no hadde ei omsetning på nær 12 millionar i 2003, medan SMS-lotteriet SMS.jackpot hadde ei omsetning på litt

over 1 million kroner. 2003 er det andre året desse spela har vore i drift. For tivoli.no gir dette seg særskilde utslag i taloppstillingar som fører til ein stor reduksjon i brutto omsetning.

I flg. Norskespill.no (tivoli.no sin operatør) var 2002 eit lanseringsår der spel med høg gevinstprosent (95 %) og bruk av promoteringsspengar⁶ gav høg brutto omsetning. Med dei spel ein har hatt i 2003 har gevinstprosenten vore noko lågare (80 %). Dermed er brutto omsetning blitt lågare samstundes som netto omsetning vart høgare i 2003.

For den øvrige private delen av marknaden er tala førebelse estimat. Men

Lotteritilsynet har hatt kontakt med ei rekkje av dei sentrale aktørane og fått innrapportert nøkkeltal for ein del av omsetninga.

Spel på gevinstautomatar har også i 2003 auka kraftig. Lotteritilsynet har innhenta tal frå 23 entreprenørar som samla hadde nær 13 900 automatar utplassert ved siste årsskiftet. For resten av marknaden er det gjort ei framskriving basert på 2002-tal, samstundes som vi har teke høgde for at det kom til einiske mindre entreprenørar med nye automatar. Per februar 2004 er det registrert 17350 godkjende automatar i lotteriregisteret.

Lotteritilsynet bereknar brutto omsetning på speleau-

tomatar til 22,1 milliardar kroner i fjor. Dette utgjør ein auke på nær 6,7 milliardar frå vårt estimat for år 2002, eller ein auke på i overkant av 40 %.

Den totale, netto omsetninga på automatane reknar vi med har vakse med om lag 1 milliard kroner, eller nærare 30 prosent. Dei 23 entreprenørane vi har *reelle* tal frå hadde samla ein vekst på 29 %.

At brutto omsetning enno veks noko meir enn netto omsetning kan forklarast med at gevinstprosenten framleis aukar. For 2002 var gevinstprosenten 78. For 2003 har gevinstprosenten auka til 80. Vi reknar også i år med at hovudforklaringa

på denne auken er utskifting av gamle automatar til nye. Utskifting av automatar har skjedd både gjennom 2002 og inn i 2003.

Både i 2002 og 2003 har vi nytta samla gevinstprosent i dei tala entreprenørane har oppgitt, og lagt denne til grunn for estimert brutto omsetning der vi berre har hatt tal for netto omsetning.

I 2003-talet er 69 prosent av brutto omsetning innrapportert frå entreprenørar. Resten er estimert. Sidan brutto omsetning inneheld estimat er det feilmarginar. Om vi nytta 78 prosent gevinstdel i estimatdelen ville samla brutto

omsetning blitt 21,4 milliardar, og om vi nytta 82 prosent ville brutto omsetning blitt 22,7 milliardar. Dette påverkar likevel ikkje nettoomsetninga som er til fordeling blant organisasjonar, entreprenørar og lokalinnehavarar.

For 2002 oppga entreprenørar ei rekke forklaringar på auken: Overgang til nye automatar, skifte av oppstillingsstader, tettare oppfølging / mindre tid der automaten er ute av drift og kjedesamarbeid.

Det er mykje dei same forklaringane som blir nemnt for 2003. Effekten av nye automatar synest å ha hatt stor styrke også i 2003.

For bingo og andre lotteri har Lotteritilsynet enno ikkje innhenta tilstrekkeleg talmateriale til å gi eit presist oversyn for omsetning. Frå sentrale aktørar har vi fått inn tal og synspunkt som vi brukar i framskrivinga av 2002-tal.

Bingo med og utan entreprenør hadde i 2002 ei samla omsetning på 1,9 milliardar inklusiv sidespel. Vi reknar med at omsetninga gjennom 2003 samla sett har vore stabil. For dei tradisjonelle lotteriar, lokale/regionale og landslotteri, reknar vi med at marknaden totalt har hatt ein liten reduksjon.

6) Pengar som nye spelarar får, men som ikkje kan takast ut direkte. Ev. gevinst av desse går til spelars spelkonto og kan då entan takast ut eller brukast på nye spel som då inngår i brutto omsetning.

Millionar	2002		2003		Endring	
	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.
Norsk Tipping (eigne spel)	8 940	4 056	8 921	4 140	-0,2 %	2 %
Rikstoto	2 479	829	2 414	810	-3 %	-2 %
Talspelet Extra	794	397	822	411	4 %	4 %
Automatar *	15 426	3 388	22 100	4 400	41 – 45 %	27 – 30 %
tivoli.no/SMS jackpot	36	2	13	3	-65 %	64 %
Lotteri (ekslusiv Flax) *	564	477	500	400	liten nedgang stabilt	
Bingo *	1 910	515	1 900	500		
Totalt *	30 149	9 664	36 700	10 700	22 %	11 %

* Deler av omsetninga er estimert og avrunda til næraste hundre million for år 2003.

Spelar for milliardbeløp på Internett

Lotteritilsynet har rekna ut at nordmenn i 2003 satsa om lag 1,8 milliardar kroner på pengespel som blir formidla over Internett. Av dette vart nær 400 millionar satsa på spel på dei lovlege norske nettstadene.

Til grunn for omsetningstalet ligg informasjon om kor mange som brukar Internett til pengespel, kor mykje det blir spelt for og kor ofte nordmenn brukar nettet for å satse på spel.

Informasjonen stammar frå tre meiningsmålingar som Opinion gjennomførde for Lotteritilsynet i 2003. Ved tre høve vart 1000 personar som var 18 år og eldre spurde. Konklusjonen var at fem prosent brukte Internett til pengespel. I 2002 svarte fire prosent av dei spurde at dei brukte Internett til pengespel.

Fem prosent tilsvarar 156 000 personar, men då er ikkje dei som oppga å spele på World Games Incorporated, eller LifeWealth8, medrekna. Feilmarginen er pluss/minus 26 000 personar.

Tendensen blant nettspelarane er at dei anten spelar på utanlandske nettstader eller dei er lojale mot dei tre norske nettstadene som har konsesjon til drift på nettet. Dette er Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og tivoli.no. På årsbasis spelte 39 prosent av dei spurde berre på norske nettstader, medan tilsvarande tal for utanlandske nettstader

var 45 prosent. Fire prosent svarte at dei spelte både på nasjonale og utanlandske nettstader.

Centrebet er ifølgje dei spurde den største aktøren i den norske marknaden av nettstadene som ikkje har løyve til å drive pengespel i Norge. 21 prosent av dei spurde nytta seg av dette speleselskapet, 13 prosent spelte på Unibet, åtte prosent på Expekt.

11 prosent oppga at dei berre spelte på WGI eller Lifewealth8, men denne gruppa vart ikkje rekna med i det vidare arbeidet med statistikken fordi vi trur at beløp som er oppgitt kan skrive seg frå anna enn pengespel/lotteri.

I løpet av eitt kvartal satsa 37 prosent av nettspelarane pengar 13 gonger eller meir. 10 prosent spelte frå seks til 12 gonger, og 29 prosent spelte frå ein til fem gonger. Totalt spelte nettspelarane 13,1 gonger i gjennomsnitt i kvartalet, og det kunne registrerast ein auke utover året.

Nettspelarane vart også spurde om kor mykje dei satsa siste gongen dei spelte på Internett. Her svarte 9 prosent at dei satsa meir enn 500


kroner, 35 prosent svarte at dei satsa mellom 100 og 500 kroner og 55 prosent oppga at dei spelte for under 100 kroner.

Lenge har det vore veldig usikre estimat på kor mykje nordmenn satsar på pengespel på nettet. Lotteritilsynets nye estimat for 2003 konkluderer med at omsetninga ligg på totalt 1,8 milliardar kroner. Med utgangspunkt i talet på spelarar operer vi med ein feilmargin på pluss/minus 300 millionar kroner.


Etter kvart veit vi også litt meir om kven det er som nyttar Internett til pengespel her i landet. I 2003 var 84 prosent av spelarane menn.

Dessutan er det ei klar overvekt av yngre personar som spelar på nettet. I fjor var 47 prosent av spelarane mellom 18 og 29 år, 32 prosent var mellom 30 og 44 år og 19 prosent mellom 45 og 59 år. Berre ein prosent av nettspelarane var 60 år eller eldre.

Spelt siste 3 månader



Innsats sist ein spelte



Visste du at...

...Lotteritilsynet ved utgangen av 2003 har godkjent i alt 4 869 organisasjonar som lotteriverdige? Om lag halvparten er idrettslag.

... det ved utgangen av 2003 totalt er tildelt 25 839 automatløyve i Noreg? Nær halvparten av løyva er gitt til humanitære organisasjonar.

... Lotteritilsynet godkjende 21 nye bingo- og automatentreprenørar i 2003? Fire fekk avslag. Entreprenørane står for drifta av tilboda. Totalt er det nå 262 godkjende entreprenørar i landet.

...Lotterinemnda behandla 166 klagesaker i 2003? I 25 av sakene ga nemnda klagar medhald, 139 fekk ikkje medhald og to saker vart sende tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

Satsing på effektive nettsider

Lotteritilsynet har investert i teknologi som skal sikre kvaliteten både på den eksterne og interne informasjonen.

Dette er ei satsing som er gjort for å setje Lotteritilsynet i stand til å nå sitt mål om å gi rett og tilstrekkeleg informasjon til rett mottakar så tidleg som mogleg. Difor er informasjon ein av dei fem verdiane Lotteritilsynet har prioritert internt. Samstundes er det investert i ein teknologi som gjer at vi har gode verktøy å jobbe med i informasjonsarbeidet.

Eksternt oppnådde Internett-sida vår hausten 2003 fem av seks oppnåelege stjerner når det gjeld tilgjenge og brukartilpassing. Internt har vi utvikla ei intranettside som har vist seg å vere ein suksess. Slik nettsidene i dag fungerer, bidreg dei klart til å gi betre og meir effektiv drift både eksternt og internt.

Den teknologiske plattformen vi valde kan nyttast til å drifte inntil ti nettsider. Såleis driftar også Lotteritilsynet heimesida til Hjelpelinja (www.hjelpelinjen.no). I framtida er det venta at fleire nettsider kan knytast til Lotteritilsynets teknologiske utstyr, mellom anna er det planar om å etablere ei felles nordisk nett-



Toril Anita Espe er arkivleiar i Lotteritilsynet.

side med informasjon om pengespel.

Som ein del av informasjonsprofilen vart Lotteritilsynet si postliste gjort tilgjengeleg på websida i 2003. I praksis vil det seie at både inngående og utgåande

post skal vere tilgjengeleg etter tre dagar, og Lotteritilsynet var mellom dei første som gjennomførde ei slik ordning i offentleg forvaltning.

Oppretting og drift av Hjelpelinja medførte også ein

Tre møte med marknaden

del jobb i 2003. Etter initiativ frå Kultur- og kyrkjedepartementet vart dette tilbodet til speleavhengige og pårørende opna 28. april.

Telefontenesta blir utført av tilsette ved Sykehuset Innlandet HF Sanderud på Ottestad, medan Lotteritilsynet er ansvarleg for marknadsføring, resultat og rapportering til departementet.

Drifta er i første omgang eit prøveprosjekt som går ut år 2004, og drifta blir i prøveperioden finansiert av Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og Lotteritilsynet.

Trafikken på 800 800 40 har halde seg stabilt høg heilt sidan starten. Marknadsføringa av Hjelpelinja var vellukka, mellom anna takka vere økonomisk og praktisk bistand frå Statskonsult til produksjon av to TV-spotar. I tillegg vart det trykt og distribuert klistremerke til gevinstautomatar og folderar til butikkar og kioskar, og dette viste seg også å vere ein type marknadsføring som fungerte.

Drifta av Hjelpelinja i 2003 vil bli nærare presentert annan stad i årsmeldinga.

Lotteritilsynet inviterte til tre konferansar og bransjetreff i 2003. Mellom anna vart det halde eit seminar der bingobransjen vart invitert til dialog om framtida, og i tillegg vart det arrangert seminar om ungdom og pengespel og om det frivillige Noreg.

Bingobransjen vart invitert til seminar i Førde 25. september. I alt var 67 tilreisande påmelde til seminaret som bransjen ei stund har hatt ønske om. Sentralt på seminaret stod oppfølging av lotterimarknaden etter dei vedtekne endringane i automatmarknaden frå 2006. Vidare stod statistikk for bingobransjen på programmet, forutan data frå Lotteriregisteret.

På konferansen vart det presentert tal som viste at det ved inngangen til 2003 var registrert 76 entreprenørar i bingomarknaden og dei disponerte 120 bingohallar. Brutto omsetning kom opp i nærare 1.6 milliardar kroner, derav 930 millionar på hovudspela. 17 prosent av netto omsetning gjekk til formåla i 2002, og det utgjør 67 millionar kroner. I tillegg omsette bingo utan entreprenør for estimerte 320 millionar kroner.

Etter at rapporten «Underholdning med bismak» om pengespel blant norsk ungdom var offentleggjord, inviterte Lotteritilsynet 10. juni til dagskonferanse med søkjelys på ungdom og pengespel i Førde. Konferansen samla rundt 60

tilreisande. Begge forskingsrapportane som vart publiserte i 2003 vart presenterte av høvesvis NOVA og SIRUS, og i tillegg hadde blant andre barneombod Trond Waage og representantar for Norsk Tipping sentrale bidrag.

Den 5. og 6. november sette Lotteritilsynet det frivillige Noreg på dagsorden på ein konferanse i Førde. Konferansen samla rundt 100 tilreisande, og fleire av dei mest sentrale aktørane i det frivillige Noreg var inviterte til å bidra, mellom andre den nye generalsekretæren i Røde Kors, Jonas Gahr Støre. Styreleiar Christian Thommessen i Redd Barna hadde også innlegg, forutan forskingsleiar Håkon Lorentzen ved Institutt for samfunnsforskning. I tillegg var det også foredragshaldarar som såg det frivillige Noreg med litt friare utgangspunkt, mellom dei var professor Frank Aarebrot og urbanist Erling Fossen.

Nye oppgåver for juristane

Sjølv om krafttaket med godkjenning av organisasjonar vart unnagjort i 2002, har ikkje juridisk avdeling hatt færre oppgåver i året som gjekk. Resultatet vart nok eit hektisk år i avdelinga.

Juridisk avdeling mottok også i 2003 ei stor mengde søknader frå organisasjonar om å bli godkjende.

Ved årsskiftet viste tala følgjande:

- Godkjenning som lotteri-verdige organisasjonar: 1032 (4766 i 2002)
- Avslagne søknader: 137 (594 i 2002)

Vi trudde nok at denne saks-typen ville bli sterkare redusert, men avdelinga mottok stadig nye søknader om godkjenning, dels fordi eksisterande organisasjonar ynskjer inntekter frå lotterimarknaden, dels fordi det kjem til nye lag og foreiningar.

Avdelinga har vidare hatt stor pågang på saker om pyramidar og pyramide-liknande konsept. Grensa mellom ulovlege pyramidespel og lovleg nettverkssal er uklar. Arbeidet med å lage særnorske reglar som regulerer denne aktiviteten, vart sist haust innstilt i påvente av eit EU-direktiv.

Ulovlege lotteri, særleg i medium som TV, radio, aviser, vekeblad og Internett, er eit område avdelinga hadde særleg fokus på i 2003.

Gjennom informasjon og reaksjonar ved brot, har talet på ulovlege lotteri som er melde til Lotteritilsynet, gått noko ned samanlikna med tidlegare år.

Hausten 2003 delegerte Kultur- og kyrkjedepartementet deler av den løpande kontrollen med lov om pengespel til Lotteritilsynet. Dette førte til at vi fekk ansvar for kontroll og oppfølging av ulovleg formidling og marknadsføring av pengespel av andre enn Norsk Tipping. Juridisk avdeling har som følge av fullmakta reagert på fleire brot på pengespellova, og 5 saker vart seinhaustes politimelde – mellom anna annonser for utanlandske pengespel i norske aviser.

Det siste året medførte også ein god del lov- og forskriftsarbeid i juridisk avdeling. Særleg fekk avdelinga oppgåver både i framkant og etterkant av Stortingets vedtak i juni om endringar i automatmarknaden.

Dessutan har avdelinga vore representert på konferansar både nasjonalt og internasjonalt, for å oppdatere seg på utviklinga innan lotteri- og pengespelområdet.

Vi har registrert stor inter-



esse blant aktørane for å endre og utvikle lotterimarknaden. Det har ført til at det ved utgangen av 2003 låg føre 17 søknader om godkjenning av nye lotterikonsept. Det er tydeleg at mange

Rådgjevar Synnøve Pukallus og førstekonsulentane Johnny I. Gustavsen og Thomas Ørnulf Helgesen hadde nok eit travelt år bak seg på juridisk avdeling i 2003.

ønsker å vidareutvikle eksisterande lotteriformer, og framlegg til vilkår for nye konsept vart sendt på høyring 12. desember 2003.

Juridisk avdeling har arbeidd for å halde eit høgt

servicenivå i Lotteritilsynet. Avdelinga har vidareført telefonvaktordninga som bidreg til rask og rett informasjon til dei som tek kontakt med tilsynet. Det same gjeld førespurnader per e-post eller via

vår heimeside. Avdelinga har også i stor grad hatt møte med private og offentlege aktørar i marknaden.

Kontrollarbeidet blir utvida

Utvikling av kontrollarbeidet stod sentralt i Lotteritilsynet i 2003. Kontrollseksjonen hadde sitt første fulle år ute i automatmarknaden, og kontrollen av Norsk Rikstoto sine spel vart styrka og flytta til Førde.

I tillegg vart dei planlagde endringane ved Seksjon Hamar gjennomført hausten 2003 (sjå eigen artikkel).

Lotteritilsynet utførte i alt 11 441 kontrollar av private lotteri i 2003, og ein stor del av dette gjeld utbetalingsautomatar. Kontrollane avdekkte 1411 brot på lover og forskrifter, og av dette var 1242 brot på forskrift om oppstillingsløyve for automatar. Dessutan vart det påvist 48 tilfelle av mangelfull kontroll av aldersgrense på bruk av gevinstautomatar. Dei fleste av desse vart påvist i kjøpesentra og i andre større lokale. Talet 48 er etter alt å dømme for lågt, fordi kontrollane av aldersgrense ikkje er kontinuerlege, men gjennomført som tilfeldige stikkprøver.

I løpet av 2003 vart 56 gevinstautomatar stengde og fem beslaglagde av politiet for manglande løyve eller typegodkjenning. 53 underhaldningsautomatar vart også stengde, forutan ein bingo og eit lykkespel med rulett.


Ved påviste brot på lovverket får aktøren pålegg og krav om å rette opp tilhøvet. Lotteritilsynets hovudinn-

trykk er at lotterimarknaden i stor grad responderer på pålegg og rettar opp feil, men mengda av feil og lovbrøt er såpass omfattande at behovet for kontroll framleis er stort.

Dei vedtekne endringane i automatmarknaden fekk også konsekvensar for Lotteritilsynet. Mellom anna vart utviklingsarbeid med online kontroll stoppa, og i tillegg vart kravet om at gamle automatar skulle ut av marknaden innan 1. januar 2004 fråfalle.


Kontrollen av Norsk Rikstoto sine pengespel var også i støypeskeia i 2003. Kontrollen har lenge vore utført av notarar som stikkprøvekontroll i etterkant, og det var behov for utvikling av kontrollsystemet. I heile 2003 vart nytt utstyr utvikla og testa medan kompetansen vart overført frå det gamle kontrollsystemet og notarane. Frå 1. januar 2004 vart den elektroniske kontrollen av totalisatorspela overført til Førde, der det er investert nærare to millionar kroner i nytt utstyr.

Ansvar for kontrollen av totalisatorspel er frå og med januar 2004 forankra i kon-



trollseksjonen i Lotteritilsynet, og heretter vil det bli dagleg revisjonskontroll av alle Norsk Rikstoto sine spel. Det skjer ved at Lotteritilsynet hentar rådata på ein server hjå Norsk Rikstoto kvar dag. Dermed vil feil og avvik raskare bli oppdaga. På den måten aukar tryggleiken for spelaren.

Førstekonsulent Jim-Arne Hansen kontrollerer totalisatorspel på storskjerm.



I løpet av 2003 utvikla også Lotteritilsynet eit system for elektronisk trekning av lotteri, og dette går inn som ein del av tilsynet sitt tenestetilbod til politiet i 2004. Hittil er det politiet som har stått for trekning av lotteri.

I 2003 vart det også jobba vidare med å utvikle ein eigen søkjemotor som skal

brukast til å skaffe styresmak-
tene oversyn over pengespel
og lotteri på nettet.

Utfordringa er mellom anna
å utvikle eit verktøy som kan
gjere kvalitetssøk på
Internett.

Nyvinninga Lotteri-
registeret vart i 2003 tilgjen-
geleg for publikum og media
via Lotteritilsynet si heime-

side. Her er det mogleg å
gjere detaljerte og lokale søk
om den norske lotterimark-
naden. Lotteritilsynet fekk
mange gode tilbakemel-
dingar på at det opne regis-
teret både blir brukt og
verdsett.

Seksjon Hamar på egne bein

Kontrollen av Norsk Tipping sine pengespel gjekk gjennom endringar i 2003. Frå 1. oktober var det slutt på bruk av notarar. Lotteritilsynet sine egne tilsette overtok ansvaret for kontrollen.



Bak endringane ved Seksjon Hamar låg eit ønske om å utvikle og forbetre kontrollsystem der fokus i større grad var retta mot å spore feil og bruk av hendingslogg. Den gamle ordninga med bruk av notarar i kontrollarbeidet vart avvikla.

I hovudsak gjekk kontroll-

Konsulent Tove Sterud og seksjonsleiar Kaare Sveen ved Seksjon Hamar.

arbeidet på Hamar uforandra første halvår, men frå mai vart bruken av notarar trappa

ned frå ni til seks inntil dei var heilt ute av arbeid frå 1. oktober. Fram til den tid vart erfaring, kunnskap og spelkompetanse som notarane hadde overført til dei seks tilsette ved Seksjon Hamar som no er ansvarlege for kontrollen av Norsk Tipping sine pengespel.



Visste du at...

... Aftenposten var den avisa som skreiv mest om spelemarknaden og Lotteritilsynet i 2003, med 85 oppslag? Deretter fylgde Hamar Arbeiderblad og Dagens Næringsliv.

... Lotteritilsynet sidan 2001 har motteke 17 søknader om å starte nye lotteri som ikkje er regulert av gjeldande regelverk? 6 av desse søknadene gjeld løyve til å starte lotteri på elektroniske plattformer som internett, mobiltelefon, digital-TV og liknande. Alle søknader er avslegne inntil nye forskrifter ligg føre, med unnatak av eit SMS-lotteri og nettspelet tivoli.no som fekk prøvelisens i 2001.

... Lotteritilsynet godkjende 46 av 58 søknader om å få halde landslotteri i 2003? Seks søknader vart avslegne. Talet på godkjende søknader i 2002 var 63.

I tillegg er kompetanse og forståing for treknings-systema bygt opp ved Seksjon Hamar med sikte på å bruke ressursane meir på problemløysing ved avvik og feil enn tidlegare. På grunn av behov for fysisk kontroll av trekningane i Lotto, vil Lotteritilsynet framleis ha lokale i Norsk Tipping sitt anlegg på Hamar.

Både for dei tilsette på Hamar – og for Lotteritilsynet – var det ein strevsam operasjon å få endringane på plass, men i ettertid ser alle positivt på prosessen. Lotteritilsynet meiner endringane på Hamar har vore vellukka både kontrollmessig og kvalitetsmes-

sig. Dessutan vil det nye kontrollregimet gi monaleg gevinst økonomisk og representerer ein merkbar auke i produktiviteten.

Sentralt i arbeidet med endringane har ei felles styringsgruppe i Norsk Tipping og Lotteritilsynet stått. Her blir endringane i kontrollarbeidet koordinert forutan at driftsproblem og utviklingsoppgåver blir løyste.

Etter endringane er det seks tilsette ved Seksjon Hamar, inkludert seksjonsleiar Kaare Sveen.

Marith Brekke (t.v.) og Anne Kari Steen var to av notarane som gjekk av hausten 2003. I midten konsulent Eva Andreassen.

50 000 har, eller har hatt, problem

1,4 prosent av den voksne befolkninga i Noreg har eller har hatt eit speleproblem. Det er hovudkonklusjonen i befolkningsundersøkinga som Statens Institutt for Rusmiddel-forskning (SIRUS) gjennomførde for Lotteritilsynet. Granskinga vart offentliggjord i juni 2003.

Befolkningsundersøkinga vart gjennomført hausten 2002, og omfatta 10 000 personar i alderen 15 til 74 år. Av dei som deltok vart 57,6 prosent intervjuva på telefon, medan resten fekk tilsendt skjema. Svarprosenten var 55.

Konklusjonen på undersøkinga «Pengespill og pengespillproblemer i Norge» var at 1,4 prosent av den voksne befolkninga har – eller har hatt – problem med pengespel. Dette utgjer 49 000 personar.

Til saman 0,6 prosent av dei som har, eller har hatt, problem har vore patologiske spelarar, og det vil seie at dei har eit sjukleg tilhøve til pengespel. 0,8 prosent har eller har hatt det som er definert som eit speleproblem. 0,7 prosent av den voksne befolkninga vart definerte som noverande patologiske spelarar, og det utgjer 24 500 personar.

Dei som har problem med spel deltek generelt på mange ulike typar av pengespel. Det einskildspelet som flest problemspelarar har delteke i siste året, er likevel gevinstautomatar. 78 prosent av dei problemspelarane som har spelt på gevinstautomatar siste 12 månader har gjort det kvar veke eller oftare.

Befolkningsundersøkinga stadfester at nordmenn spelar mykje. Vel 80 prosent av den voksne befolkninga deltok i pengespel det siste året, og halvparten av dei spelar minst ein gong i veka.

Problemspeling er meir utbreidd blant menn enn kvinner. Mest problemspel finn vi blant menn i aldersgruppa 18 til 24 år, blant ugifte, personar med låg utdanning og husstandsinnkomst under 300 000 kroner. Personar fødde i utlandet er også overrepresenterte.

Befolkningsundersøkinga hadde eit budsjett på tre millionar kroner og vart finansiert

av Lotteritilsynet. Inkludert i prisen var også undersøkinga om pengespel blant ungdom som NOVA gjennomførde (sjå neste side).

Til å følgje arbeidet, og bistå SIRUS undervegs i arbeidet, vart det sett ned ei ressursgruppe som vart leia av generalsekretær Anne Enger Lahnstein i Redningsselskapet.

Både «Pengespill og pengespillproblemer i Norge» og «Underholdning med bismak» som er omtalt på neste side, er tilgjengelege i sin heilskap på www.lotteritilsynet.no.



Stor interesse for ungdomsundersøkinga

Det har vore stor interesse kring pengespel-problema som vart avdekka i undersøkinga blant norske ungdomar. I mars 2003 vart konklusjonane offentleggjorde, og i juni var det over 60 tilreisande på ein konferanse om ungdom og pengespel som Lotteritilsynet arrangerte i Førde.

3,2 prosent av alle norske ungdomar mellom 13 og 19 år har klare speleproblem, og dette utgjør ca 11 000 tenåringar. Det var konklusjonen i undersøkinga som Norsk Institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) gjennomførde for Lotteritilsynet.

Til grunn for resultatet i granskinga ligg det bruk av strenge vurderingar. Dersom mindre strenge kriterium blir lagde til grunn, meiner NOVA at talet på norske tenåringar med speleproblem kan liggje ein stad mellom 11 000 og 20 000.

Granskinga om ungdomen sine spelevanar var ein del av den store undersøkinga «Ung i Norge 2002». Undersøkinga vart gjennomført av NOVA, og omfatta ca 12 000 skuleelevar.

Tre av fire norske ungdomar (78,5 prosent) spelte i løpet av det siste året på pengespel.

Spel på gevinstautomat stod for 32 prosent. Vidare stod tipping og Lotto for 26 prosent, skrapelodd og poker 12 prosent kvar.

Granskinga viser at det er like vanleg for ungdom under 18 år å spele på gevinstautomatar som for ungdom som er 18 eller 19 år.

Det vart lagt til grunn strenge krav i kartlegginga av omfanget av speleproblem. For å bli definert som problemspelar måtte ungdomen oppfylle alle følgjande tre kriterium: Dei må ha tydd til løgn om pengespel, dei må spele meir og meir og dei må som oftast prøve å vinne tilbake det dei har tapt.

Granskinga viser at ungdom

under 18 år spelte for ca 170 millionar kroner i året på gevinstautomatar.


Granskinga viser elles ein del trekk som kan oppsummerast slik:

- Pengespel er meir populært blant gutar enn blant jenter
- Ungdom som spelar ofte har gjerne vener og foreldre som spelar mykje på pengespel
- Ungdom som spelar mykje er oftare frå låginntekts-familiar og har oftare foreldre med ikkje-vestleg bakgrunn
- Ungdom med speleproblem har lågare sjølvrespekt enn andre ungdomar
- Unge med speleproblem er i risikosona for sjølvmonds-tankar og forsøk på sjølv mord
- Tre av fire unge med speleproblem har eitt eller fleire tilleggsproblem

NOVA har påvist at ungdom, som har utvikla speleproblem det siste året, spelte gjennomsnittleg 245 gonger. Dette talet er om lag ti gonger så høgt som for unge utan teikn til speleproblem.

Dei fleste ungdomane har gjennomgåande låg innsats på pengespel. Ein tredjedel av dei spurde svarte at dei hadde satsa mindre enn 20 kroner som høgaste innsats. 2,1 prosent svarte at dei hadde satsa 1000 kroner eller meir på det meste.

NOVA-undersøkinga har avdekka eit stort udekt behandlingsbehov for ungdom med speleproblem. Behandling er eit tilbod som stort sett blir utført av fagfolk innan russektoren, og som er retta mot personar over 18 år. Barne- og ungdomspsykiatrien er rett adresse i dag for ungdom, men med få unntak er det dei færraste i BUP-systemet som opplever å ha ressursar tilgjengeleg.



Stort behov for råd og hjelp

Hjelpelinja for speleavhengige og pårørende vart opna 28. april i 2003. Fram til årsskiftet vart det gjennomført 2525 samtalar. Såleis kan vi slå fast at det var stor trong for dette tiltaket.



Det var kultur- og kyrkjedepartementet som tok initiativet til Hjelpelinja, som vart opna av kulturminister Valgerd Svarstad Haugland.

Når personar ringjer Hjelpelinja, blir dei møtt av helsepersonell som har opplæring i å hjelpe menneske som er i krise. Ved å ringe 800 800 40 får speleavhengige og pårørende hjelp og råd om mellom anna kvar det finst behandling og etablerte støttegrupper dei kan kontakte.

Pågangen har vore stor heilt frå starten, med klare toppar like etter opninga og i oktober. Fram til årsskiftet vart det gjennomført samtalar med 1579 personar som oppga at dei var spelarar, og dette utgjorde vel 62 prosent av samtalane. 502 som ringde inn oppga at dei var pårørende, og det utgjør i underkant av 20 prosent. Resten av samtalane kom frå mellom andre helsepersonell, vener, media, og arbeidsgjevarar.

I dei tilfella der spelaren sitt kjønn er registrert, var 78

prosent menn og 22 prosent kvinner. Der alder er registrert, var vel 39 prosent mellom 25 og 39 år, vel 33 prosent mellom 40 og 59 år og 14 prosent i alderen 18-24 år. I tillegg oppga nesten ni prosent av spelarane og pårørende at samtalen galdt ungdom under 18 år. I dei tilfella der innringjarane har oppgitt kva pengespel dei særleg har problem med, oppgir vel 87 prosent at gevinstautomatane er det største problemet.¹

Størst pågang har det naturleg nok vore frå dei tettast befolka områda av landet, som Oslo, Hordaland, Akershus og Rogaland. Av dei som oppga heimfylke budde flest i Oslo (361) – færrast ringde frå Nord-Trøndelag (32).

Trafikken på Hjelpelinja er jamn frå ni om morgonen til 22 om kvelden. Trafikken om natta har vore mindre, og opningstida vil bli vurdert i løpet av vinteren 2004.

800 800 40 er eit gratis nummer for dei som ringjer frå fasttelefon. Difor er det berre ei linje inn, og det kan vere ei forklaring på at det i 2003 var ein god del tapte anrop. Årsaka til dei tapte

anropa vil bli nærare analysert i 2004.

Ei brei marknadsføring av det nye tilbodet kan vere ei forklaring på at trafikken har vore jamn frå heile landet året gjennom. Media har med jamne mellomrom fokusert på det nye tilbodet. I tillegg stilte

Statskonsult opp med midlar og bistand slik at det kunne produsert to TV-spotar som er vist i «Fulle fem» på NRK, og som kjøpt reklame i TV2. I tillegg vart det trykt opp

30 000 klistremerke som aktørar i automatmarknaden sa seg villige til å setje opp på gevinstautomatar. Det vart og trykt opp fleire hundre tusen små foldarar som fleire større kjeder i kiosk- og matvarebransjen fordelte til sine butikkar.

Blant innringarar som ringer om eigne eller andre sine speleproblem har dei fleste oppgitt kvar dei fekk tak i telefonnummeret til Hjelpelinja. Blant dei som

oppgir dette nemner 53 % gevinstautomatane, 19 % oppgir TV og 8 % telefonkatalogen / opplysninga². Andre kjelder er nemnt av 6 % eller færre.

Drifta av Hjelpelinja er delt. Sykehuset Innlandet HF Sanderud står for gjennomfø-

ringa av samtalane, medan Lotteritilsynet har resultatansvaret og er ansvarleg for marknadsføringa.

Hjelpelinja er eit prøveprosjekt som går ut år 2004, og har

ei budsjettramme på 2,2 millionar kroner som blir finansiert av Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og Lotteritilsynet



1) Prosent av utval der dei som ikkje har nemnt eit særskilt spel er utelukka. Om desse var inkludert er andelen nær 65 %.

2) Prosent av utval der dei som ikkje har nemnt ei kjelde er utelukka. Om desse var inkludert er prosentane 35 % for gevinstautomatar, 13 % for TV og 6 % for telefonkatalogen / opplysninga.

Thore Paulsen er dagleg leiar av Hjelpelinja.

Aktiv rolle internasjonalt

Lotteritilsynet prøver å spele ei aktiv rolle i internasjonale fora der pengespel er tema. I nordisk samanheng er det i gang prosjekt som er i ferd med å gi resultat, mellom anna når det gjeld statistikk over nøkkeltal i spel- og lotterimarknaden.

Heilt frå starten har Lotteritilsynet delteke i GREF (Gaming Regulators European Forum) som kvart år møtest for mellom anna å debattere og utveksle informasjon om spelepolitikk. Underdirektør Anniken Støylen vart frå 2003 vald inn som norsk representant i GREF sitt styre, og den årlege GREF-konferansen i 2004 blir arrangert i Oslo i juni med Lotteritilsynet som vertskap.

Også i IAGR (International Association of Gaming Regulators) har

Lotteritilsynet møtt sidan tilsynet vart etablert. Under 2003-konferansen i Lisboa heldt direktør Atle Hamar føredrag om dei to forskingsrapportane om speleavhengigheit som vart publiserte i Noreg i 2003.

Elles er det gjort forsøk på å setje pengespel over Internett på dagsorden i internasjonal samanheng, men det har så langt vist seg vanskeleg å få til samordna synspunkt.

På nordisk plan er det etablert eit forum der regulatoriske styresmakter møtest to gonger i året. Forutan å utveksle informasjon om forvaltning og kontroll av penge-



Underdirektør Anniken Støylen.

spel, står felles nordiske prosjekt også sentralt. Så langt har dette mellom anna resultert i ei felles gruppe som jobbar med å få fram samordna statistikk for pengespel i dei fem nordiske landa. Den første felles statistikken vil venteleg vere klar i 2004

I tillegg er det også kontakt mellom regulatoriske styresmakter i Norden om teknologiske spørsmål. Såleis vart det i 2003 utveksla informasjon og fakta om kontrollsystem som er utvikla, slik at andre kan dra lærdom av kunnskap som alt finst på området. Mellom anna har Lotteriinspeksjonen i Sverige besøkt Lotteritilsynet for å sjå

på dei nye systema som er tekne i bruk i kontrollen av totalisatorløp.

Alt i 2003 starta førebuingane til det komande GREF-møtet som går av stabelen i Oslo 10.-12. juni. Det er venta rundt 60 delegatar til konferansen som blir avvikla ein gong kvart år.

Lotteritilsynet deltek også på ein del messer og konferansar internasjonalt. Siktemålet er både å bygge nettverk og å oppdatere seg på utviklinga mellom anna når det gjeld pengespel og teknologi og juridiske prosessar som har relevans for lotteriområdet, mellom anna i EU.

Lotteritilsynet fekk språkpris

Landssamanslutninga av nynorskkommunarg i 2003 målprisen til Lotteritilsynet for god, offentleg målbruk. Prisen vart delt ut på landstinget i samanslutninga på Ivar Aasen-tunet i Ørsta i april.

I grunngevinga blir det trekt fram fram at Lotteritilsynet har ei medviten haldning til språk, og at språk har vore ein viktig og integrert del i oppbygginga av etaten.

All informasjon som går ut til brukarane frå leiinga i Lotteritilsynet blir forfatta på nynorsk, så sant det ikkje bryt med mållova.

Landsamanslutninga for nynorskkommunar meiner at plasseringa av Lotteritilsynet i Førde, har hatt mykje å seie for å styrke nynorsken si stilling i det statlege styringsverket.



Direktør Atle Hamar mottok språkprisen på Ivar Aasen-tunet i Ørsta. Prisen var eit grafisk trykk av kunstnaren Ludvig Eikaas.

Ein lokal multikunstnar



Oddvar Torsheim (f. 1938) vaks opp i Naustdal, og har det meste av sitt særmerkte kunstnarliv vore trufast mot Sunnfjord. Som biletkunstnar utvikla Oddvar Torsheim sin heilt spesielle strek og stil som han har halde fast ved. Han utdanna seg ved Bergen kunst- og håndverksskole, og debuterte på Vestlandsutstillinga og Høstutstillingen i 1963. Seinare er Oddvar Torsheim innkøpt av mellom andre Nasjonalgalleriet og Riksgalleriet. På mange måtar har Oddvar Torsheim utvikla seg til å bli ein multikunstnar. Han har publisert fleire bøker med dikt og egne illustrasjonar. Dei seinare åra har han også utgitt musikk, der han framfører både Beatles og Bob Dylan i si eiga nynorske språkdrakt. Sjølv har Oddvar Torsheim karakterisert seg på denne måten: Ein biletmakar med musikalske, terapeutiske sidesprang.

Havet lagar steinskulptur



Foto: Netfoto

På Oppedal som ligg vest i Vågsøy, nesten så langt vest som det er mogleg å komme på fastlandet, står ein skulptur i stein. Den særmerkte formasjonen har fått namnet Kannesteinen, og er eit kjent naturfenomen på Vestlandet.

Ingen veit kor mange tusen år det har teke havet å skape Kannesteinen, og ingen veit kor lenge det går før den soppliknande formasjonen ikkje klarer å stå mot kreftene som kjem inn frå Norskehavet.

Kannesteinen er om lag 2,5 meter høg, og er eit populært turistmål i Nordfjord. Ved fjøre sjø ligg Kannesteinen på land, medan bølgiene kan sluke den vesle klippa når det er flo og bølgjer.

www.lotteritilsynet.no



LOTTERITILSYNET

Postboks 800 • 6801 Førde
Telefon 57 82 80 00 • Telefax 57 82 80 80
postmottak@lotteritilsynet.no